Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Vassbering

Oppskr. av: Olav Nordbø.

(adresse): Bø Telemark.

Fylke: Telemark

Herad: Bø.

Bygdelag:

Gard: Nordbø.

G.nr. 54 Br.nr. 8 og 10

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Av eige røynsle og eigne oppteikningar

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Dei bar vatn i åk, i tre som låg over akslene og var bøla ut på midten så halsen nådde inn i utholinga. Åka kvildo på båe akslene. Ut i endan var taug med jarnkrokar i endane. I desse krokane hekk bøttune. I gamle dagar brukta dei vidde som var vridde istaden for taug.

Dei gamle brukta bøttur som var lagga og gjort av tre og med ei gjord på, og med seinhank. (av vridde nyårkvenn)

Da det blei jarnbøttur å få — i 1890-åra, kanskje litt tidlegare, slutta dei med trebøttune som blei vassdrukne og tunge.

2. Dei bar vatn i ein vass-så, som var lagga og såg ut som ein bøykesså.

Dei stakk ei stang gjennom øyra på såen og bar han på den måten. Stanga

495

2

Kalla dei såstang. Sæn kunne ta paløg 6 bytter eller slendom litt meir.
Dei la ei treskjeive oppe i vass-såen så det ikkje skulle skvam-ple over.
Dei hadde så lite mjølk heime om sumaran fordi dei sende kuene til fjells, difor bruka dei ikkje å bera mjølk i store såar.
Når dei bar mjølk or fjøset nytta dei bytter, spanngjur.

3. Det hende ofte om vinteren at dei sette vass-såen på eit slutt ski og skuva såen fyre seg heim til huset. Dei sla ein klamp på skiet så såen ikkje skulle skri eller gli. Dei bruka nok kjelke og, bl.a til sørpesåane. I gamle dagar varmesørpa dei og da skuva dei såane til og frå fjøset på eit ski eller på kjelke.

4. Dei skiftast om å bera vatn, karar og kvinnfolk, etter som det hadde med folk til garden. Men og hende nok kvinnfolka ofte blei med vassboringa ut til fjøset, men til huset og. Kona på den største gård i Bygda, Borgja, bar på slutten av Koo-tallet vatn udantil ei olle nede i gardet. Og ho hadde 16 – 18 naut. Ho stella sjøl

3

5. Det er mange stader ennå
at folk ber vatn. Dei ber nå
oftast i bøttor. Some stader
køyrer dei au, dåmest når
det er lang veg og dei har
hest. På husmannsplassar
og små bruk var vassbering
vanleg. Men på større gardar
har det au vore ymist vass-
bering. På ein av dei aller største
gardane i Ytre Seljord, Nes, med
8–10000 mål skog, la dei fyrst
inn vatn i fjor (1946), og dei
hadde mange kuer å bera vatn til.
7. Nå er det innlagt vatn på
mange gardar, men ymse
stader stend ennå att. Dei ber
vatn frå ollor eller kjelder, og
au frå rennande bekk.
Some stader demmer dei
opp bekkar så dei kan få
vatn.
Det hende au dei bredde snø,
men det blei heller lite av
det. Der dei var vasslause
stelde dei seg med kappar
og tunnor og sette under
takdropet når det regnde.
Så samla dei regnvatn,
dropvatn.
Verst var det om vintern
i kulda når vatnet var
frose og fraus bort. Dei
drog au vatn på dragarkjølke.

I gamle dagar dreiv dei kyra
til rennande bekk og vatna
dei der jamvel om det var
snøføyke og kaldt.
Bodnå gjekk fyre i snøføyka
med vedøksa på armom
og lokka på kyra.
Ved bekken hadde dei på
større gardar ei bekkjupe,
ofte ei uthola furustamme,
som dei auste opp vatn i.
Der drakk kyra. Dei laut
ofte knuse kjupa dess fraus
ho fulle av is.
Så dreiv dei kyra attende til
fjøset. Dette var vanleg det
i den tida.
Gamle folk kunne minnast
det. Min besdefar, Olav
G. Nordbø (f. 1835, d. 1926)
fortalde ofte om dette.
Han mintes det godt. Og
trur dei gjorde det til ut i
1840 og -50-åra, kanskje
lenger.
Dei gamle springvatsleidningane
var ofte lagt grunnt, så dei ofte
fraus. Dei brukte leidningar
(millom kubbane) av tre, altså
svarva tretoppar som fall inn
i kubbane i skøytene. Me har
funne slike i myrane og
jorda.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
495